

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - H12	17/56

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2017	Formannskapet	PS	09.02.2017

Melding om oppstart av arbeid med lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i institusjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune startar arbeidet med å utarbeide ei lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheim jf. § 3-2 a andre ledd i helse- omsorgstenestelova og § 37 i forvaltningslova.

Det blir sett ned ei administrativ arbeidsgruppe bestående av: Helga Irene Ellingsen, leiar for helse og omsorg, Elin Eikemo, leiar for forvaltning og leiar for tiltaksrådet, Marit Andersen Nesse, leiar for Masfjorden sjukeheim, Rolf Sleire, tilsynslege og Rolf Tande, kommuneoverlege.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Den 13. juni 2016 vedtok Stortinget lovendring i pasient- og brukarrettighetslova og helse- og omsorgstenestelova om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad som er spesielt tilrettelagt for heildøgnsstenester, kriterier og ventelister. Pasient eller brukar som oppfyller kriterier for tildeling av langtidsopphald eller opphald i tilsvarende bustad spesielt tilrettelagt for heildøgnsstenester etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2a andre ledd, har rett til vedtak om dette, jf. pasient – og brukarrettighetslova §2-1 e, fyrste ledd. Retten er knytt til helse- og omsorgsfagleg vurdering av kva tilbod som kan sikre pasient eller brukar naudsynt og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Endring i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a andre ledd, betyr at kommunen har ei plikt til å utarbeida ei forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad som er spesielt tilrettelagt for heildøgnsstenester. Kommunen skal treffe vedtak på om kriterier er følgt opp, og føre ventelister over pasientar og brukarar som venter på langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad. Forskrifta skal og omfatte pasientar og brukarar som vil vere best tent med eit slikt opphald, der det er forsvarleg at vedkomande bur heime i påvente av eit opphald, og korleis kommunen skal følgje opp i ventetida (jfr. lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2 a.)

Målet med forskrifta er at den skal bidra til at tenestene skal vere meir føreseieleg, og at det skal vere meir openheit rundt tildelingsprosessen av langtidsplass på sjukeheim.

Føremålet til regjeringa er å:

- styrkje rettane til omsorgstrengande i praksis
- forplikte kommunen sterkare enn i dag, til å innfri dei plikter dei har
- gjere det tydeleg at alle med omsorgsbehov skal få ei vurdering av rett omsorgsnivå, som ikkje tek omsyn til kommunen sin kapasitet der og då.
- gjennom openheit om både kriterier for tildeling og ventelister, vil ein legge eit sterkt press på kommunane.

Kommunal forskrifter for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim skal vere vedteken, slik at den kan trå i kraft frå 1.juli 2017.

Høyring

Masfjorden kommune skal sjå til at forskrifta er så godt opplyst som mogleg før vedtak skal treffast, jf. forvaltningslova § 37. For å sikre dette skal forslag til forskrifta ligge ute på høyring i minimum 6 veker. Forskrifta skal trå i kraft etter vedtak i kommunestyret seinast 01.07.17.

Høringspartar:

Dette skal vere ei open høyring som alle kan svare på, både organisasjonar og privatpersonar. Høyringa vil bli kunngjort på Masfjorden kommune si heimeside. I tillegg vil høyringa bli sendt ut til:

Eldrerådet
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Indre Masfjorden pensjonistlag
Nordbygda pensjonistlag
Masfjordnes pensjonistlag
Haugsvær helselag
Solheim helselag
Matre og Haugsdal helselag
Nordbygda helselag
Sleire helselag
Frøyset helselag
Kvinge helselag
Andvik helselag
NSF
Fagforbundet
Helseavdelinga
Heimetenestene Sørsida
Heimetenestene Indrefjorden
Heimetenestene Nordbygda
Masfjorden sjukeheim
Fylkesmannen i Hordaland

Vurdering

Masfjorden kommune skal utarbeide forslag til forskrift som skal handsamast politisk, og leggast ut

på høyring etter vedtak i formannskap den 22. mars 2017.

I forskrift om utredningsinstruksen § 3-3 står det; «*offentlige utredninger, forslag til lov og forskrift og forslag til tiltak med vesentlige virkninger skal normalt legges ut på høyring. Høyringene skal være åpne for innspill fra alle. Høyringsfristen skal tilpasses omfanget av tiltaket og hvor viktig det er. Høyringsfristen skal normalt være tre måneder, og ikke mindre enn seks uker.*»

Masfjorden kommune er ein forholdsvis oversiktleg kommune, og omfanget av forskrifta vil vere avgrensa, og av ein slik art at rådmannen tilrår høyringsfrist på 6 veker, som er minimumskravet til ei høyring. Med 6 veker høyringsfrist kan kommunen få gjennomført ein god prosessen med å utarbeide lokal forskrift, gjere den kjent gjennom høyring, få innspel på høyringa og eventuelt endra den etter høyringsrunden, slik at den kan politisk behandlast den 19.06.17 og trå i kraft frå 01.07.17.

Krav til utarbeiding av lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim:

Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim skal utarbeidast etter gjeldande lover og forskrifter for helse og omsorg. For å utarbeide ei lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim, må det i tillegg utarbeidast ei omsorgstrapp som seier noko om kva tenester, og korleis brukar eller pasient til ei kvar tid kan få dekkja sine behov på ein forsvarleg og best effektiv måte. Definerings av omsorgstrappa vil utifrå dette danna eit grunnlag for utarbeiding av kriterier for langtidsplass eller plass i bustad med heildøgntenester. Til grunn for arbeid med å definera omsorgstrappa ligg BEON prinsippet.

BEON – prinsippet Beon betyr; Beste Effektive Omsorgs Nivå. Ved å ha ulike nivå av tenestetilbodet, vil tilbodet tildelast utifrå det hjelpebehovet den enkelte brukar har. Tilboda blir differensiert ved at tenestetilbodet går frå lite hjelpebehov (lågterskeltilbod) til stort hjelpebehov (høg terskeltilbod). BEON – prinsippet går ut på at tenestetilbodet skal gjevast på eit lågaste mogeleg omsorgsnivå, med fokus på brukarane sine eigen ressursar, og at hjelpa skal vere hjelp til sjølvhjelp. Denne førebyggjande tankegangen er kostnadsparende for kommunen, og i tråd med nasjonale føringar. Målet er at personar skal oppretthalde størst mogleg grad av sjølvhjelp og livskvalitet, og at reduksjon i funksjonsnivået skal bli betre med at dei rette hjelpetiltaka blir sett i verk.

Prosesen med utarbeiding av lokal forskrift:

For å utarbeide lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheim eller ande bustadar med heildøgntenester, tilrår rådmann å sette ned ei administrativ arbeidsgruppe beståande av:

Helga I Ellingse, leiar for helse og omsorg, Elin Eikemo, leiar forvaltning og leiar av tiltaksrådet, Marit Andersen, leiar Masfjorden sjukeheim, Rolf Sleire, tilsynslege og Rolf Tande, kommuneoverlege

For å ivareta brukarperspektivet skal eldrerådet, og råd for menneske med nedsett funksjonsevne få informasjon om prosessen i sine møter, før forskrifta blir lagt ut på høyring.

Arbeidsgruppa skal legge fram forslag til lokal forskrift som skal ut på høyring, til formannskap den 19.04.17. Lokal forskrift blir lagt ut på høyring den 20.04.17 med høyringsfrist 31.05.17
Arbeidsgruppa har ansvar for at høyringssvar blir vurdert og at forslag til eventuell forskrift blir revidert på bakgrunn av høyringssvar.

Lokal forskrift skal sendast for kunngjering i Norsk Lovtidend, etter at det er gjort vedtak i kommunestyre 19. juni 2017. Når lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheim er kunngjort er den gjeldande.

Konklusjon

Masfjorden kommune startar arbeidet med å utarbeide ei lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheim jf. § 3-2 a andre ledd i helse- omsorgstenestelova og § 37 i forvaltningslova.

Det blir sett ned ei administrativ arbeidsgruppe bestående av: Helga Irene Ellingsen, leiar for helse og omsorg, Elin Eikemo, leiar for forvaltning og leiar for tiltaksrådet, Marit Andersen Nesse, leiar for Masfjorden sjukeheim, Rolf Sleire, tilsynslege og Rolf Tande, kommuneoverlege

Formannskapet - 011/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune startar arbeidet med å utarbeide ei lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheim jf. § 3-2 a andre ledd i helse- omsorgstenestelova og § 37 i forvaltningslova.

Det blir sett ned ei administrativ arbeidsgruppe bestående av: Helga Irene Ellingsen, leiar for helse og omsorg, Elin Eikemo, leiar for forvaltning og leiar for tiltaksrådet, Marit Andersen Nesse, leiar for Masfjorden sjukeheim, Rolf Sleire, tilsynslege og Rolf Tande, kommuneoverlege.